Detaljreguleringsplan

for

Lorkverna

(planid. 05120145)

–

planføresegner

Lesja kommune

Norges nasjonalparker

Nasjonalparkriket

Detaljreguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-3.

Forvaltningsutvalget 08.06.2021 sak 2021/29

Lesja kommune

Innhald

1 Felles føresegner 3
1.1 Målet med reguleringsplanen 3
1.2 Avgrensing av planområdet 3
1.4 Forhold til kulturminne 3
2 Reguleringsføremål 3
3 Føresegner til føremål og hensynssoner 4
3.1 Samferdsel og infrastruktur (§ 12-5 pkt. 2) 4
3.2 LNF (§ 12-5 pkt. 5) 4
3.3 LNF (§ 12-5 pkt. 5) Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone 6
3.4 Omsynssone (§ 11-8) ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

1 Felles føresegner

1.1 Målet med reguleringsplanen

Reguleringsplanen skal sikre allmenne interesser knyttet til kulturvern og friluftsliv, og legge til rette for at driften av Lorkverna kan halde fram som eit musealt anlegg, på eit ideelt grunnlag.

Reguleringsplanen består av planomtale, ROS-analyse og konsekvensutredning, plankart med teiknforklaring og reguleringsføresegner. Reguleringsføresegn gjeld for arealet som ligger innanfor plangrensa.

1.2 Fri ferdsel

Område skal være opent for fri ferdsel.

1.3 Avgrensing av planområdet

Avgrensing av planområdet er vist med plangrense på plankartet.

1.4 Forhold til kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjende, skal arbeidet bli stoppa i den utstrekning det rører ved kulturminna eller sikringssoner rundt dei på 5 meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjend med denne føresegna. Melding om funn skal straks bli sendt til fylkeskommunen kulturarveining, jf lov om kulturminne § 8, andre ledd.

2 Reguleringsføremål

Reguleringsføremål og omsynssoner, med arealoversikt, er vist i tabell 1.

Tabell 1. Reguleringsføremål for planområdet.

Føremål	SOSI-kode	Feltnavn	PBL-heimel	Areal (daa)
Kjøreveg	2011	K1 – K5	§ 12-5 nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	11,8
Parkering	2080	P1 – P5	§ 12-5 nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	1,7
LNFR	5100	LNF	§ 12-5 nr. 5 Landbruks-natur- og friluftsformål, samlet eller hver for seg (LNFR)	714,7

Friluftsformål	5130	LNF-F-1 - LNF-F-5	§ 12-5 nr. 5 Landbruks- natur- og friluftsformål samt reindrift, samlet eller hver for seg (LNFR)	15,1
Vern av kulturminne/kulturmiljø	5600	LNF-K-1 - LNF-K-3	§ 12-5 nr. 5 Landbruks- natur- og friluftsformål samt reindrift, samlet eller hver for seg	39,0
Bruk og vern av sjø og vassdrag	6001	V1 – V2	§ 12-5 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone	27,1
Sum areal				**809,4**

3 Føresegner til arealbruksføremåla

3.1 Samferdsel og infrastruktur (§ 12-5 pkt. 2)

3.1.1 Kjøreveg KV (K1 – K5)

Områda er køyrevegar. Vegane og utliggarbrua over Lora skal byggast og vedlikehaldas i tråd med avgrensinga i plankartet.

Utliggarbrua over Lora skal ikkje brukast til motoriserte køyretøy.

Køyreveg K1 er åtkomst til parkering nær Lorkverna for bil, og traktorveg for landbruksaktivitet.

- Vegen skal stengast med bom.
- Stubber og større steiner kan fjernast og køyrespor grusast opp.

K3 og K5 er køyreveg for bil, traktor m.m..

K2 og K4 er skogsbilveg.

3.1.2 Parkering P1 – P5

Områda er regulert til parkering, dei skal byggast og vedlikehaldas i tråd med avgrensing i plankartet. Området kan vedlikehaldas og grusas opp utan søknad.

I alle områda kan det bli sett opp tilpassa informasjonstavler om dei ulike objekta. Ytre mål på informasjonstavlene skal ikkje overstige 150 cm over bakken og breidde på 90 cm.

3.2 LNF (§ 12-5 pkt. 5)

3.2.1 Landbruk- natur- og friluftsformål LNF

Område kan brukast til landbruksaktivitet og friluftsliv i tråd med LNF-formål.

3.2.2 Friluftsformål LNF-F-1 – LNF-F-5

Områda kan bli rydda, merka og skilta for bruk som turstigar for fotturistar, syklistar og skigåarar.

I alle områda kan det bli sett opp tilpassa informasjonstavler, kvile-benkar og gapahuk. Ytre mål på informasjonstavlene skal ikkje overstige 150 cm over bakken og breidde på 90 cm.

3.2.3 Vern av kulturminne og kulturmiljø LNF-K-1 – LNF-K-3

a)
I områda LNF-K-1 skal etablerte bygningar, anlegg og installasjonar bli vedlikehalde etter gjeldande standard og utforming i tråd med historisk dokumentasjon for å bevare kulturmiljøet. Lagerhus og utedo har ikkje historisk dokumentasjon men av praktiske årsaker er dei nødvendig, dei vedlikehaldas til å halde ei lik framtoning som resten av tunet.

I område LNF-K-1 er følgjande anlegg etablert:

- Kvernhus med mølledam, kanalar, vassrenner.
- Stampehus
- Stall
- Møllarstugu
- Overbygd blestergrop
- Smie
- Tørrstugu
- Skåle
- Lagerhus
- Utedo
- Dam

b)
For oppføring av bygningar som vert skada i flaum, brann etc krev det byggesøknad, og kulturvern myndigheit skal høyrast i prosessen. Det kan oppførast tilsvarande bygg på same plass. Dette forutsette at naturfaren er tilstrekkeleg ivaretatt. Det kan vurderast at bygg som ikkje er historisk bunde kan få ny plassering. Bygget skal vere i tilsvarande størrelse, utsjånad og mål som det gamle basert på historisk dokumentasjon.

c)
I området LNF-K-2 er det ein replika av ei kolbrennarkoie som kan bli vedlikehalde. Om bygget vert skada i flaum, brann etc krev det byggesøknad for oppføring på ny. Det kan oppførast tilsvarande bygg på same plass med sikkerheitstiltak eller ny sikrare plassering, kulturvern myndigheit skal høyrast i prosessen. Bygget skal vere i tilsvarande størrelse og mål som det gamle basert på historisk dokumentasjon.

d)
I område LNF.K-3 skal spor etter Lorsaga sikrast og takast vare på, det kan bli gjort enkle tiltak med handreiskap for å legge til rette for det.

- Det kan førast opp ei ny Lorsaga, denne skal byggesøkast med situasjonsplan, og kulturvern myndigheit skal høyrast i prosessen. Bygget skal oppførast for

museal framvising av driftsmåtar og handverksteknikkar. Vassvegar inn og ut av Lorsaga må visast i situasjonsplanen.

e)
Det kan bli sett opp tilpassa informasjonstavler om dei ulike objekta. Ytre mål på informasjonstavlene skal ikkje overstige 150 cm over bakken og breidde på 90 cm.

3.3 LNF (§ 12-5 pkt. 6)

3.3.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag V1 – V2:
Det skal ikkje utførst maskineltinngrep i Lora elv. Inn og uttak av vassrenner med kanal til Lorkverna kan vedlikehaldas med mindretiltak ved bruk av handredskap. For større tiltak må det søkast.

Kantvegetasjon skal bevarast for å sikre naturmangfald og hindre erosjon frå vassdrag.

3.4 Omsynssone (§ § 12–6)

3.4.1 Omsynssone flaum
Det skal ikkje oppførast nye bygg innanfor sona. Eksisterande bygg kan vedlikehaldas og brukast som i dag. Ved naturskadar brann, flaum etc der eksisterande bygg går bort eller vert skada kan ein søke om føre dessa opp igjen, ved legge til rette for å handtere flaum, eller plassere bygg utanfor reell flaum fare. Det kan ikkje utførst tiltak som forverrar flaumhandtering.

Kantvegetasjon skal bevarast for å sikre naturmangfald og hindre erosjon frå vassdrag.

3.4.2 Omsynssone kulturmiljø, fangstgrop
Området skal bevarast i sin heilheit.

3.4.3 Omsynssone naturmangfald, rik sump- og kjeldeskog
Vegetasjon skal bevarast, det er berre tillat med enkle tiltak med handreiskap. Ved oppføring av Lorsaga skal det visast særleg omsyn til vegetasjon i oppføringa.

3.4.4 Omsynssone vegetasjonsskjerm (Lora grustak)

a) Omsynssone viser vegetasjonsskjerm med 20 meters bredde.

b) Snauhogst tillatast ikkje innanfor skjermen. Forsiktig tynning kan tillatast.

c) Formålet med skjermen er å hindre innsyn til massetaket og redusere støy og støvflukt.

e) Vegetasjonsskjermen tilbakeføres til LNFR-område etter endt grustak.